



Foto er 'in' også i Uskedalen. Det vart ettertrykkeleg slått fast under den første aktivetskvelden som Hobbyklubben hadde i det nye året i bedehuset måndag. Av dei 35 frammøtte unge fann 12 sin plass i den nystarta fotogruppa.

To røynde Kvinnherad-fotografar skal ha ansvaret for gruppa: Hans Ordin Østebø (opprinneleg uskedaling, no busett på Husnes) og Ivar Langeland (Herøysund) skal undervisa dei unge som skal ha starta på ungdomsskulen for å få lov til å vera med. Østebø har framleis foto som hobby medan Langeland har gjort det til eit yrke.

Det er også gjort ein annan justering av Hobbyklubb-opplegget no på nyåret: Tor Gundersen har erstatta Erlend Moen som fly-lærer og flygruppa er slått saman med bilgruppa, der Rune Hjørnevang framleis tek seg av leiinga.

Hobbygruppa har framleis Oddbjørg Heimark som leiar. Kva denne gruppa skal ta seg til utover vinteren og våren er enno ikkje heilt klårt, men det blir heilt sikkert noko med hendene, varsla Oddbjørg den første kvelden.

Avisgruppa, som skal gje ut eit nytt nummer av Uskedalsposten til påske, blir som før leia av Britt Torill M. Mathisen og Ola Matti Mathisen.

På biletet over er dei 12 deltakarane i fotogruppa saman med lærarane, Hans Ordin Østebø og Ivar Langeland.

(Foto: Ola Matti Mathisen)